

Lindås Kommune
Byggesak
v / Tor Hegle

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24. 07. 2015	
Ar. No.	1411864
Saksforer	

Grøttveit 22.07.15

Viser til søknad frå advokat Mikkel Mundal datert 02.07.15 om forlenga mellombels bruksløyve på Gnr 190 Bnr 2 inkludert utleie-enhet.

Som kjent har denne saka ei lang og krunglete historie der alle former for usaklege argument frå eigar av Bnr 2 er brukt for å fremja hans syn i saka.

Lindås Kommune har, slik me ser det, vore tydeleg og ryddig i si handsaming.

Mellombels bruksløyve har vore gitt for hovud-del av huset og det har me ikkje problem med, men når det no også vert søkt om løyve for utleigedel må me få lov å reagere.

At det att på til vert brukt usaklege argument for å få dette til, føyer seg berre inn i eit mønster me kjenner frå tidlegare.

Bnr 2 har hatt mulegheit til å byggja ny avkjørsle og veg heilt sidan 08.12.09 då han fekk avtale med Bnr 1 om fri grunn. Det einaste han trong å gjera var å be om fornying av avtalen når fristen på denne gjekk ut. Fornyng av avtale har vore muleg heile tida og er seinast bekrefta i brev til Bnr 2 sin tidlegare advokat med kopi til kommunen våren 2014.

Med andre ord har han hatt over 5 år på seg til å utføra tiltak, utan hindringar frå dei andre brukarane og Bnr 1.

Trass i dette vert det søkt om jordskifte med den grunn at ein ikkje har funne noko løysing. Dette må i beste fall kallast usakleg .

Eksisterande avkjørsel stettar ikkje tekniske krav og Lindås Kommune krov derfor endringar. Med eventuelt mellombels bruksløyve til utleigedel, gjev kommunen løyve til auka trafikk i ei avkjørsle som kommunen sjølv meiner er trafikkfarleg med for dårleg siktzone osv.

Dette rimar i så fall dårleg med tidlegare haldning til kommunen når det gjeld denne avkjørsla og saka forøvrig. Det vil sjølvsagt også påføra Bnr 1 endå større trafikk, og usikkerheit ved vårt arbeid rundt løa.

Ein anna ting er poenget til advokaten til Bnr 2 om at det vil gå ca 1 år før saka er avgjort i jordskifteretten og arbeid kan starta.

Sanninga er at det vil gå 1 år *før* behandling startar (ref. tlf samtale med jordskiftedommar) og deretter gjerne år med behandlingstid før avgjerd.

Dersom ikkje tidlegare prosjekterte løysing av avkjørsle og veg vert vald, som også har vore godkjend av kommunen, må dette utførast på nytt. I tillegg skal det tinglysast før arbeidet tek til.

Argumentet til advokaten om at avkjørsle og veg er etablert etter eit års tid vert vel då heller tvilsamt for å bruka eit mildt uttrykk.

Det er vel ingen grunn til å tru at ting fell på plass så lettvindt som advokaten skisserer, slik denne saka har utvikla seg.

Me håpar derfor Lindås Kommune, Byggesak, tek dette med i vurderinga når mellombels bruksløyve til utleigedel vert vurdert.

Venleg helsing

Gnr 190 Bnr 1

Nina og Magnus Grøttveit

Nina Grøttveit

Magnus Grøttveit